



INNKALLING TIL ÅRSMØTE I NGIR

Det vert årsmøte i NGIR **onsdag 1. juni 2016 kl. 11.30** i Kjevikdalen.

Sakliste:

- Sak 08/16 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 09/16 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll
- Sak 10/16 Meldingar
 - a) Diverse munnleg orientering
 - b) Avfallsmengder 2015
- Sak 11/16 Årsrekneskap 2015
- Sak 12/16 Årsmelding 2015
- Sak 13/16 Honorar til revisor for 2015
- Sak 14/16 Val av medlemmer og varamedlemmer i styret
- Sak 15/16 Val av leiar og nestleiar i styret

Møtet startar med mat.

Me har tidlegare opplevd at NGIR sitt representantskap ikkje har vore vedtaksført som fylgje av stort forfall utan varsel / varsel med særskilt kort frist. Me oppfordrar difor alle til å melda frå så tidleg som mogleg dersom dei ikkje kan møte den aktuelle dagen, slik at me kan kalla inn vararepresentant. Melding kan gjevast til post@ngir.no.

Kjevikdalen, 18.05.16

Liv-Anne Aanesen
- Leiar i representantskapet -


Erlend Kleiveland
- Dagleg leiar -



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 01.06.16

Sak nr: 10b/16

Sakshandsamar: Roger Fjellsbø


Avfallsmengder 2015

HUSHALD

Fraksjon	2011	%-vis endring	2012	%-vis endring	2013	%-vis endring	2014	%-vis endring	2015
Restavfall hytter	1618	1,9 %	1648	4,8 %	1728	-1,10 %	1709	5,32 %	1805
Restavfall dunkar	2155	23,4 %	2659	9,1 %	2902	4,20 %	3026	-0,17 %	3021
Restavfall gj.vinningsstasj.	3558	4,9 %	3730	0,0 %	3730	2,30 %	3815	-6,53 %	3581
Sum restavfall	7331	9,6 %	8038	4,0 %	8360	2,30 %	8549	-1,69 %	8407
PPP + drikkekartong	2454	-3,3 %	2374	2,9 %	2443	-5,50 %	2308	-0,58 %	2295
Våtorganisk i biodunk	1156	-2,8 %	1124	10,8 %	1246	-2,20 %	1218	7,13 %	1312
Heimekompostering	611	-8,7 %	558	8,1 %	603	-15,8 %	508	1,91 %	518
Trevyrke	3483	-0,7 %	3458	2,0 %	3528	14,50 %	4041	5,72 %	4286
Metall	888	-1,8 %	872	-7,8 %	804	1,80 %	819	22,48 %	1057
Anna til gjenvinning	1277	-17,4 %	1055	1,4 %	1070	-3,50 %	1033	7,64 %	1118
Sum til gjenvinning	9869	-4,3 %	9441	2,7 %	9694	2,40 %	9927	6,22 %	10585
Avfall til deponi	321	1,9 %	327	-2,8 %	318	16,20 %	369	19,75 %	460
Sum avfall	17521	1,6 %	17806	3,2 %	18372	2,60 %	18845	0,77 %	18992


- Mengda restavfall har gått ned frå 2014 med 1,69 %. Mengda restavfall frå hytter har auka, medan mengde restavfall frå gjenvinningsstasjonane har gått ned samanlikna med 2014.
- Mengda avfall til gjenvinning har auka med 6,2%. Dei fraksjonane som har auka mest er trevyrke, metall og anna til gjenvinning. Totalt er auken på ca 650 tonn.
- Den totale avfallsmengda frå hushald og hytter har auka med 0,77% i forhold til 2014
- Gjenvinningsgraden er på 55,7 %

Avfallsstatistikk kg/innbygger



Avfallsstatistikk 2011 - 2015

Tonn / år




NÆRING

Fraksjon	2011	%-vis endring	2012	%-vis endring	2013	%-vis endring	2014	%-vis endring	2015
Blanda avfall	6071	-16,27 %	5083	-28,89 %	3614	-15,95 %	3038	-24,52 %	2293
Komprimert rest direkte	1141	-20,25 %	910	-11,03 %	810	3,01 %	834	-2,76 %	811
Restavfall komprimatorbil	2637	-7,89 %	2429	-1,23 %	2399	0,66 %	2415	0,04 %	2416
Restavfall / Blanda avfall	9850	-14,48 %	8423	-19,00 %	6823	-7,83 %	6289	-12,23 %	5520
Våtorganisk	697	-10,55 %	623	-15,08 %	529	5,82 %	560	8,21 %	606
Papir/papp/plast	1059	-3,99 %	1017	-21,85 %	795	9,85 %	873	7,67 %	940
Skrapjern/metall	640	16,85 %	748	-19,73 %	600	46,23 %	878	-13,78 %	757
Trevyrke	2930	-4,50 %	2798	-37,84 %	1739	-8,05 %	1599	-26,52 %	1175
Anna til gjenvinning	376	7,34 %	404	7,98 %	436	10,49 %	482	19,09 %	574
Avfall til deponi	15084	68,21 %	25372	23,76 %	31400	54,50 %	48514	-38,67 %	29756
Sum avfall	30636	28,56 %	39385	7,46 %	42323	39,86 %	59195	-33,56 %	39328


Totalt har mengda næringsavfall gått ned med 19 800 tonn i forhold til 2014.

- Mengda restavfall har minka med 750 tonn. Dette skuldast nedgang i mengda blanda avfall til sortering.
- Mengda avfall til deponi har gått ned med 38,7% eller ca 19 000 tonn
- Mengda trevyrke i konteinar og blanda avfall i konteinar er nesten halvert sidan toppen i 2011.


Avfallsstatistikk næring 2015



Avfallsstatistikk Næring 2011 - 2015



Avfallsstatistikk Næring 2011 - 2015





REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 01.06.16

Sak nr: 11/16

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Rekneskap 2015

Vedlegg

Kommentarar til rekneskap for kvar avdeling 2015

Rekneskap totalt og for kvar avdeling 2015

Saksutgreiing

Rekneskapen for 2015 er gjort opp med eit underskot før skatt på kr 553 854. Resultat etter skatt er - kr 1 092 517.

Driftsinntektene var 95,1 millionar kroner, noko som er ein nedgong på 6,4 % frå 2014.

Driftskostnadene utgjorde 95,7 millionar kroner, ein auke på 3,3 % frå 2014.

Rekneskapen er lagt fram under føresetnad om framleis drift.

Driftsinntekter

Driftsinntektene var 95,1 millionar kroner, noko som er 0,2 millionar (0,2 %) mindre enn budsjettert.

Inntektene frå hushald var kr 52 000 (0,1 %) høgare enn budsjettert.

Inntektene frå næring var kr 926 000 (2,7 %) lågare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak mindre mengder blanda avfall frå næringsverksemd.

Inntektene frå slam var kr 975 000 (15,1 %) høgare enn budsjettert grunna fleire tømte kommunale avskiljarar enn rekna med. Inntektene frå bilvrak hadde eit negativt avvik på kr 293 000 (13,6 %). Avviket skuldast færre bilar til vraking og lågare pris på skrapjern.

Driftskostnader

Driftskostnadene utgjorde 95,7 millionar kroner. Dette er 1,6 millionar (1,7 %) lågare enn budsjettert.

Driftskostnadene for hushald var kr 433 000 (0,8 %) høgare enn rekna med. Dette skuldast mellom anna auka vedlikehaldskostnader. Driftskostnadene for næring var kr 1 664 000 (5,0 %) lågare enn budsjettert. Avviket skuldast i hovudsak mindre avfallsmengder, avvikling av deponiavgift og mindre pengar nytta til ryddeaksjonar enn budsjettert. Kostnadene for slam

var kr 433 000 (5,7 %) lågare enn budsjettert grunna at ein ikkje investerte i planlagt utstyr for slamhandsaming. Kostnadene for bilvrak var kr 44 000 (2,5 %) høgare enn budsjettert hovudsakleg grunna auka bruk av personellressursar.

Finanspostar

Netto finanskostnader har eit negativt avvik på kr 97 000 på grunn av at innskotsrenta har gått meir ned enn lånerenta.

Resultat 2015

Resultata (etter skatt) frå dei ulike områda er vist nedanfor:

Resultat 2015	Resultat	Budsjett	Avvik
Hushald	-kr 2 064 000	-kr 1 596 000	-kr 468 000
Verksemd	kr 641 000	kr 463 000	kr 178 000
Slam	kr 268 000	-kr 1 177 000	kr 1 445 000
Bilvrak	kr 63 000	kr 426 000	-kr 363 000
Totalt	-kr 1 093 000	-kr 1 884 000	kr 791 000

Resultata frå hushald og slam vert korrigert for alternativkostnad. Alternativkostnad vert utrekna ved å multiplisera historisk kostnad / netto anleggskostnad samt tomtekostnad (fråtrekt tidlegare års avskrivningar) med kalkylerenta. Kalkylerenta vert sett lik 5 års swaprente, med eit tillegg på 0,5 prosent. For 2015 utgjer den 1,94 %. Sjå note 12 for utrekning av alternativkostnad.

NGIR har i 2015 investert i varige driftsmidlar for 1,5 millionar kroner. Investeringane er spesifisert i note 3 til rekneskapen.

Langsiktig gjeld per 31.12.15 er kr 47 304 000, ein reduksjon på kr 1 556 000 frå 2014. Eigenkapitalprosenten auka frå 54 % til 56 %.

Forplikingane til etterdrift ført som langsiktig gjeld auka med kr 745 000, medan pensjonsforplikingane auka med kr 1 675 000. NGIR hadde per 31.12.15 ei langsiktig lånegjeld på kr 33 787 500.

Rekneskapen gir eit rettvisande bilete av egedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat. Det er ingen forsknings- eller utviklingsaktivitetar bokført i 2015.

Det er i rekneskapen ikkje sett av midlar til etterdrift frå hushalda. Eit beløp tilsvarande kalkulatorisk rentekostnad vert føreslege overført til etterdriftsfond, då dette er pengar som hushaldskundar betalar og som på grunn av regelverket rundt bruk av kalkulatorisk rente vert lagt til eigenkapitalen.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner rekneskapen med følgjande disponering:

	Disponering:	Sum etter disp.
Bruk av utjamningsfond hushald	-2 901 305	2 900 631
Avsetjing til utjamningsfond slam	314 832	3 021 756
Avsetning til etterdriftsfond	1 493 957	14 329 016
Sum disponering	-1 092 517	

Eit beløp tilsvarande kalkulatorisk rentekostnad (Kr 909 134) vert overført frå opparbeidd eigenkapital til etterdriftsfond.

Samrøystes tilrådd i styremøte 02.05.16

Kommentarar til rekneskap for kvar avdeling 2015

Hushald (Resultat -kr 2 064 000, avvik -kr 468 000)

Driftsinntekter: +kr 52 000, avvik +0,1 %

Handsamings- og transportinntekter: Om lag som budsjettert.

Salsinntekter: Mengda skrapjern har vore større enn budsjettert, prisen på papir og papp har vore høgare enn budsjettert. Avsetjinga på flist treverk har vore vanskeleg, så NGIR har fått langt mindre enn budsjettert for sal av flis med positiv verdi.

Leigeinntekter: Gjenvinningsstasjonen i Knarvik var utleigd nokre månader i 2015.

Andre driftsinntekter: Avviket skuldast fleire purringar med purregebyr.

Driftskostnader: +kr 433 000, avvik +0,8 %

Vareforbruk: NGIR hadde eit stort lager av treverk 31.12.2015. Dette er lagerført som ein kostnad opparbeidd i 2015.

Handsaming av avfall: Kostnaden til farleg avfall har auka monaleg. Mengda trykkimpregnert avfall har også auka.

Transport inn: Transportindeksen auka mindre enn budsjettert. Det vart leigd inn mindre transport til og frå gjenvinningsstasjonane enn planlagt. Kostnaden til vår- og haustrydding har vore lågare enn budsjettert.

Personalkostnader: Avviket skuldast endring i framtidige pensjonsforplikingar.

Avskrivningar: Litt lågare investeringar enn budsjettert.

Transport ut: Grunna vanskeleg avsetning av treverk, er det køyrd ut lang mindre mengder enn budsjettert.

Energi til produksjon: Dieselprisen har gått ned.

Kostnad lokale: Det er brukt mindre pengar på overvaking enn budsjettert.

Leige maskiner, inventar o.l.: Om lag som budsjettert.

Verkty, inventar, materiell: Datakostnadene er lågare enn budsjettert.

Deponiavgift: Vart avvikla 31.12.2014.

Reparasjon og vedlikehald: Det er brukt meir enn budsjettert på vedlikehald av maskiner og konteinrar. Det har vore trong for meir asfaltering enn budsjettert.

Eksterne tenester: Det er brukt meir pengar til konsulentar enn budsjettert.

Kontorkostnad, trykksak ol: Det er nytta mindre pengar til trykksaker enn budsjettert.

Telefon, porto o.l.: NGIR har bytta telefonleverandør for å få fiber til Kjevikdalen. Dette har gjeve høgare telefonkostnader enn budsjettert.

Kostnad transportmidlar: Vedlikehaldskostnader har auka monaleg på lastebilane. Eine lastebilen skal skiftast i 2016.

Reiser og diett: Små avvik.

Sals- og reklamekostnad: Det er brukt mindre pengar på annonsering enn budsjettert.

Kontingent og gåve: Små avvik.

Forsikring, garantikostnad: Kostnad til forsikring er litt lågare enn budsjettert.

Andre driftskostnader: Fleire brukar e-faktura og avtalegiro. Dette aukar bankgebyra, men reduserer kostnader til porto.

Tap o.l.: Det var ikkje budsjettert med tap.

Finansinntekter og finanskostnader: Renta har gått ned og har ført til både lågare innskotsrente og lånerente enn budsjettert.

Verksemd (Resultat +kr 1 163 000 (før skatt), avvik +kr 700 000)

Driftsinntekter: -kr 926 000, avvik -2,7 %

Handsamingsinntekter: Avviket skuldast mindre mengder næringsavfall

Transportinntekter: Litt større mengder enn budsjettert vart fakturert via NGIR.

Salsinntekter: Salet av steinprodukt er 14 % større enn 2014. I tillegg har salet av skrapjern vore noko større enn budsjettert og NGIR har fått betre betalt for papp og papir enn budsjettert. Inntektene frå sal av flis er derimot lågare enn budsjettert grunna stort lager av treverk per 31.12.2014

Leigeinntekter: Inntektene frå utleige av konteinrar er høgare enn budsjettert.

Andre driftsinntekter: Fleire purringar enn budsjettert (purregebyr).

Driftskostnader: -kr 1 664 000, avvik -5,0 %

Vareforbruk: NGIR hadde eit stort lager av treverk 31.12.2015. Dette er lagerført som ein kostnad opparbeidd i 2015..

Handsaming av avfall: Mengda restavfall og farleg avfall har gått ned.

Steinuttak: Litt større uttak enn budsjettert.

Transport inn: Transport med komprimatorbil har vore litt større enn budsjettert.

Personalkostnader: Avviket skuldast endring i framtidige pensjonsforpliktingar.

Avskrivningar: Grunna mindre mengder næringsavfall er fordelingsnøklar endra slik at ein mindre del av avskrivningane fell på næring.

Transport ut: Grunna vanskeleg avsetning av treverk, er det køyrd ut lang mindre mengder enn budsjettert. Restavfallsmengda har gått ned.

Energi til produksjon: Dieselpriisen har gått ned.

Kostnad lokale: Det er brukt mindre pengar på overvaking enn budsjettert.

Leige maskiner, inventar o.l.: Små avvik.

Verkty, inventar, materiell: Datakostnadene er lågare enn budsjettert.

Deponiavgift: Vart avvikla 31.12.2014.

Reparasjon og vedlikehald: Det er brukt meir enn budsjettert på vedlikehald av maskiner og konteinrar. Det har vore trong for meir asfaltering og vegar på deponiområdet enn budsjettert.

Eksterne tenester: Det er brukt meir pengar til konsulentar enn budsjettert.

Kontorkostnad, trykksak ol: Små avvik.

Telefon, porto o.l.: NGIR har bytta telefonleverandør for å få fiber til Kjevikdalen. Dette har gjeve høgare telefonkostnader enn budsjettert.

Kostnad transportmidlar: Vedlikehaldskostnader har auka monaleg på lastebilane. Eine lastebilen skal skiftast i 2016.

Reiser og diett: Små avvik.

Sals- og reklamekostnad: Det vart budsjettert at NGIR skulle bruka mykje pengar på ulike ryddeaksjonar. Budsjettet var nok for høgt, NGIR har greidd å gjennomføra aksjonar utan så store direkte utlegg, utlegga har kome i form av litt auka bemanning.

Kontingent og gåve: Små avvik.

Forsikring, garantikostnad: Det var budsjettert for lite til avsetjing til etterdriftsfond.

Andre driftskostnader: Utgifter til møter har vore større enn budsjettert.

Tap o.l.: Det har vore relativt lite tap på krav i 2015.

Finansinntekter og finanskostnader: Renta har gått ned og har ført til både lågare innskotsrente og lånerente enn budsjettert.

Slam (Resultat +kr 268 000, avvik +kr 1 445 000)

Driftsinntekter: +kr 975 000, avvik +15,1 %

Det vart henta inn meir slam frå kommunale slamavskiljarar enn budsjettert. Dette resulterte i høgare inntekter.

Driftskostnader: -kr 433 000, avvik -5,7 %

Kostnaden til transport er større grunna tømning av fleire kommunale avskiljarar enn budsjettert. Avskrivningane er mykje lågare enn budsjettert då ein valte å ikkje investera i nytt utstyr for slamkompostering.

Bilvrak (Resultat +kr 86 000, avvik -kr 340 000)

Driftsinntekter: -kr 294 000, avvik -13,6 %

NGIR tok i mot 1363 bilvrak i 2015. Det er 9 % mindre enn budsjettert og 4 % mindre enn i 2014. Prisen på skrapjern har i tillegg vore lågare enn budsjettert.

Driftskostnader: +kr 44 000, avvik +2,5 %

Det er brukt litt større mannskapsressursar enn budsjettert, men brukt mindre pengar på verktøy og vedlikehald.

Ein større del av kameraovervakinga er belasta bilvraksaktiviteten.

Totalt

Rekneskap 2015

	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
DRIFTSINNTEKTER					
Handsamingsinntekter	kr 43 478 761	kr 46 137 000	-kr 2 658 239	-5,8 %	kr 50 066 753
Transportinntekter	kr 36 284 818	kr 35 190 000	kr 1 094 818	3,1 %	kr 34 221 194
Salgsinntekter	kr 13 034 290	kr 12 018 000	kr 1 016 290	8,5 %	kr 14 916 977
Leigeinntekter	kr 2 155 055	kr 1 818 000	kr 337 055	18,5 %	kr 2 084 154
Andre driftsinntekter	kr 111 747	kr 94 000	kr 17 747	18,9 %	kr 237 084
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 95 064 671	kr 95 257 000	-kr 192 329	-0,2 %	kr 101 526 164
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 2 801 572	kr 1 414 000	kr 1 387 572	98,1 %	kr 1 988 920
Handsaming av avfall	kr 5 641 544	kr 5 597 000	kr 44 544	0,8 %	kr 5 602 381
Steinuttak	kr 2 518 781	kr 2 432 000	kr 86 781	3,6 %	kr 3 269 077
Transport inn	kr 28 025 371	kr 28 559 000	-kr 533 629	-1,9 %	kr 26 673 050
Personalkostnader	kr 25 765 720	kr 25 212 000	kr 553 720	2,2 %	kr 21 353 541
Avskrivningar	kr 9 770 379	kr 10 695 000	-kr 924 621	-8,6 %	kr 9 586 937
Transport ut	kr 8 881 970	kr 10 484 000	-kr 1 602 030	-15,3 %	kr 10 537 007
Energi til produksjon	kr 1 106 734	kr 1 254 000	-kr 147 266	-11,7 %	kr 1 315 118
Kostnad lokale	kr 632 866	kr 760 000	-kr 127 134	-16,7 %	kr 660 037
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 62 510	kr 60 000	kr 2 510	4,2 %	kr 170 295
Verkty, inventar og materiell	kr 1 334 081	kr 1 508 000	-kr 173 919	-11,5 %	kr 1 566 527
Deponiavgift	kr 0	kr 744 000	-kr 744 000	-100,0 %	kr 722 869
Reparasjon og vedlikehald	kr 4 179 948	kr 3 123 000	kr 1 056 948	33,8 %	kr 3 767 693
Eksterne tenester	kr 644 591	kr 596 000	kr 48 591	8,2 %	kr 462 399
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 630 857	kr 760 000	-kr 129 143	-17,0 %	kr 663 632
Telefon, porto o.l.	kr 421 401	kr 375 000	kr 46 401	12,4 %	kr 344 482
Kostnad transportmidler	kr 1 074 095	kr 843 000	kr 231 095	27,4 %	kr 936 162
Reiser og diett	kr 192 668	kr 184 000	kr 8 668	4,7 %	kr 122 835
Sals og reklamekostnad	kr 610 989	kr 1 600 000	-kr 989 011	-61,8 %	kr 1 022 431
Kontingent og gåve	kr 284 929	kr 274 000	kr 10 929	4,0 %	kr 277 591
Forsikring, garantikostnad	kr 925 478	kr 636 000	kr 289 478	45,5 %	kr 1 429 527
Andre driftskostnader	kr 135 955	kr 98 000	kr 37 955	38,7 %	kr 95 184
Tap o.l.	kr 45 698	kr 100 000	-kr 54 302	-54,3 %	kr 42 242
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 95 688 136	kr 97 308 000	-kr 1 619 864	-1,7 %	kr 92 609 935
DRIFTSRESULTAT	-kr 623 465	-kr 2 051 000	kr 1 427 535		kr 8 916 229
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 702 855	kr 910 000	-kr 207 145	-22,8 %	kr 1 391 948
Finanskostnader	kr 633 243	kr 743 000	-kr 109 757	-14,8 %	kr 837 279
NETTO FINANSPOSTAR	kr 69 612	kr 167 000	-kr 97 388	-58,3 %	kr 554 670
RES FØR SKATT	-kr 553 854	-kr 1 884 000	kr 1 330 146		kr 9 470 898
Skattekostnad	kr 538 663	kr 0	kr 538 663		kr 2 762 976
RESULTAT ETTER SKATT	-kr 1 092 517	-kr 1 884 000	kr 791 483		kr 6 707 923

Hushald

Rekneskap 2015

DRIFTSINNTEKTER	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
Handsamingsinntekter	kr 23 160 485	kr 23 152 000	kr 8 485	0,0 %	kr 22 126 747
Transportinntekter	kr 25 166 820	kr 25 138 000	kr 28 820	0,1 %	kr 23 995 809
Salgsinntekter	kr 4 388 262	kr 4 417 066	-kr 28 804	-0,7 %	kr 4 113 319
Leigeinntekter	kr 30 000	kr 0	kr 30 000		kr 6 000
Andre driftsinntekter	kr 100 545	kr 87 000	kr 13 545	15,6 %	kr 230 007
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 52 846 112	kr 52 794 066	kr 52 046	0,1 %	kr 50 471 881
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 1 957 851	kr 884 613	kr 1 073 238	121,3 %	kr 1 091 993
Handsaming av avfall	kr 3 863 524	kr 3 269 565	kr 593 959	18,2 %	kr 3 245 919
Steinuttak	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Transport inn	kr 17 190 040	kr 18 037 500	-kr 847 460	-4,7 %	kr 16 120 394
Personalkostnader	kr 14 454 596	kr 14 179 603	kr 274 993	1,9 %	kr 12 018 673
Avskrivningar	kr 5 404 892	kr 5 467 713	-kr 62 821	-1,1 %	kr 5 102 470
Transport ut	kr 5 789 861	kr 6 387 901	-kr 598 040	-9,4 %	kr 6 266 562
Energi til produksjon	kr 489 920	kr 555 604	-kr 65 684	-11,8 %	kr 571 671
Kostnad lokale	kr 366 069	kr 427 435	-kr 61 367	-14,4 %	kr 288 931
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 25 700	kr 26 248	-kr 548	-2,1 %	kr 42 312
Verkty, inventar og materiell	kr 807 278	kr 864 635	-kr 57 357	-6,6 %	kr 929 284
Deponiavgift	kr 0	kr 80 124	-kr 80 124	-100,0 %	kr 99 931
Reparasjon og vedlikehald	kr 1 647 620	kr 1 332 202	kr 315 418	23,7 %	kr 1 439 070
Eksterne tenester	kr 329 252	kr 303 992	kr 25 260	8,3 %	kr 195 378
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 459 517	kr 585 841	-kr 126 325	-21,6 %	kr 518 323
Telefon, porto o.l.	kr 265 470	kr 251 799	kr 13 671	5,4 %	kr 227 196
Kostnad transportmidler	kr 899 007	kr 712 403	kr 186 604	26,2 %	kr 791 133
Reiser og diett	kr 108 728	kr 103 484	kr 5 244	5,1 %	kr 70 477
Sals og reklamekostnad	kr 549 890	kr 733 000	-kr 183 110	-25,0 %	kr 877 824
Kontingent og gåve	kr 160 793	kr 154 102	kr 6 692	4,3 %	kr 159 270
Forsikring, garantikostnad	kr 102 089	kr 118 810	-kr 16 722	-14,1 %	kr 135 221
Andre driftskostnader	kr 103 661	kr 70 285	kr 33 376	47,5 %	kr 60 441
Tap o.l.	kr 4 140	kr 0	kr 4 140		kr 2 238
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 54 979 897	kr 54 546 859	kr 433 037	0,8 %	kr 50 254 711
DRIFTSRESULTAT	-kr 2 133 785	-kr 1 752 793	-kr 380 991		kr 217 170
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 415 344	kr 536 667	-kr 121 323	-22,6 %	kr 820 698
Finanskostnader	kr 345 154	kr 379 874	-kr 34 720	-9,1 %	kr 445 626
NETTO FINANSPOSTAR	kr 70 190	kr 156 793	-kr 86 603	-55,2 %	kr 375 072
RES FØR SKATT	-kr 2 063 595	-kr 1 596 000	-kr 467 594		kr 592 242
Skattekostnad	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
RESULTAT ETTER SKATT	-kr 2 063 595	-kr 1 596 000	-kr 467 594		kr 592 242

Verksemd

Rekneskap 2015

DRIFTSINNTEKTER	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
Handsamingsinntekter	kr 18 946 950	kr 21 912 000	-kr 2 965 050	-13,5 %	kr 26 751 657
Transportinntekter	kr 5 062 302	kr 4 673 000	kr 389 302	8,3 %	kr 4 814 983
Salgsinntekter	kr 6 775 575	kr 5 436 719	kr 1 338 856	24,6 %	kr 6 979 200
Leigeinntekter	kr 2 125 055	kr 1 818 000	kr 307 055	16,9 %	kr 2 078 154
Andre driftsinntekter	kr 10 705	kr 7 000	kr 3 705	52,9 %	kr 7 078
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 32 920 588	kr 33 846 719	-kr 926 132	-2,7 %	kr 40 631 073
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 620 706	kr 243 387	kr 377 319	155,0 %	kr 257 294
Handsaming av avfall	kr 1 778 020	kr 2 327 435	-kr 549 415	-23,6 %	kr 2 356 462
Steinuttak	kr 2 518 781	kr 2 432 000	kr 86 781	3,6 %	kr 3 269 077
Transport inn	kr 4 651 151	kr 4 522 500	kr 128 651	2,8 %	kr 4 787 129
Personalkostnader	kr 9 835 430	kr 9 676 089	kr 159 342	1,6 %	kr 7 898 473
Avskrivningar	kr 3 799 968	kr 4 083 854	-kr 283 886	-7,0 %	kr 3 865 551
Transport ut	kr 3 092 109	kr 4 096 099	-kr 1 003 990	-24,5 %	kr 4 050 043
Energi til produksjon	kr 539 805	kr 594 273	-kr 54 468	-9,2 %	kr 630 411
Kostnad lokale	kr 195 947	kr 291 680	-kr 95 732	-32,8 %	kr 276 009
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 34 531	kr 32 676	kr 1 855	5,7 %	kr 123 936
Verkty, inventar og materiell	kr 461 045	kr 520 418	-kr 59 373	-11,4 %	kr 509 276
Deponiavgift	kr 0	kr 663 876	-kr 663 876	-100,0 %	kr 622 938
Reparasjon og vedlikehald	kr 2 332 738	kr 1 586 084	kr 746 655	47,1 %	kr 2 108 676
Eksterne tenester	kr 309 459	kr 286 844	kr 22 615	7,9 %	kr 263 730
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 149 952	kr 152 748	-kr 2 796	-1,8 %	kr 127 113
Telefon, porto o.l.	kr 144 102	kr 114 755	kr 29 347	25,6 %	kr 111 225
Kostnad transportmidler	kr 172 813	kr 128 896	kr 43 917	34,1 %	kr 143 141
Reiser og diett	kr 73 462	kr 70 617	kr 2 845	4,0 %	kr 45 616
Sals og reklamekostnad	kr 61 099	kr 867 000	-kr 805 901	-93,0 %	kr 144 608
Kontingent og g�ve	kr 108 641	kr 105 158	kr 3 482	3,3 %	kr 103 087
Forsikring, garantikostnad	kr 813 551	kr 506 431	kr 307 121	60,6 %	kr 1 281 372
Andre driftskostnader	kr 30 286	kr 26 262	kr 4 024	15,3 %	kr 33 596
Tap o.l.	kr 41 558	kr 100 000	-kr 58 442	-58,4 %	kr 40 003
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 31 765 156	kr 33 429 080	-kr 1 663 924	-5,0 %	kr 33 048 765
DRIFTSRESULTAT	kr 1 155 432	kr 417 639	kr 737 793		kr 7 582 308
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 252 318	kr 329 058	-kr 76 741	-23,3 %	kr 498 701
Finanskostnader	kr 251 582	kr 283 697	-kr 32 116	-11,3 %	kr 337 599
NETTO FINANSPOSTAR	kr 736	kr 45 361	-kr 44 625	-98,4 %	kr 161 102
RES F�R SKATT	kr 1 156 168	kr 463 000	kr 693 168		kr 7 743 410
Skattekostnad	kr 515 439	kr 0	kr 515 439		kr 2 413 061
RESULTAT ETTER SKATT	kr 640 728	kr 463 000	kr 177 728		kr 5 330 349

Slam

Rekneskap 2015

	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
DRIFTSINNTEKTER					
Handsamingsinntekter	kr 1 371 326	kr 1 073 000	kr 298 326	27,8 %	kr 1 188 349
Transportinntekter	kr 6 055 696	kr 5 379 000	kr 676 696	12,6 %	kr 5 410 403
Salgsinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Leigeinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Andre driftsinntekter	kr 157	kr 0	kr 157		kr 0
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 7 427 179	kr 6 452 000	kr 975 179	15,1 %	kr 6 598 751
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 219 015	kr 286 000	-kr 66 985		kr 291 633
Handsaming av avfall	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Steinuttak	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Transport inn	kr 6 184 180	kr 5 999 000	kr 185 180	3,1 %	kr 5 765 526
Personalkostnader	kr 451 553	kr 443 502	kr 8 051	1,8 %	kr 395 425
Avskrivningar	kr 108 161	kr 677 499	-kr 569 338	-84,0 %	kr 123 674
Transport ut	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Energi til produksjon	kr 41 393	kr 43 547	-kr 2 155	-4,9 %	kr 47 836
Kostnad lokale	kr 6 579	kr 13 369	-kr 6 790	-50,8 %	kr 7 535
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 720	kr 352	kr 369	104,8 %	kr 1 323
Verkty, inventar og materiell	kr 20 788	kr 23 853	-kr 3 065	-12,8 %	kr 24 610
Deponiavgift	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Reparasjon og vedlikehald	kr 105 801	kr 84 927	kr 20 875	24,6 %	kr 93 104
Eksterne tenester	kr 1 859	kr 1 689	kr 170	10,1 %	kr 1 076
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 6 761	kr 7 001	-kr 240	-3,4 %	kr 5 950
Telefon, porto o.l.	kr 3 740	kr 2 762	kr 978	35,4 %	kr 1 982
Kostnad transportmidler	kr 1 137	kr 850	kr 287	33,7 %	kr 944
Reiser og diett	kr 3 312	kr 3 237	kr 76	2,3 %	kr 2 204
Sals og reklamekostnad	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Kontingent og g�ave	kr 4 899	kr 4 820	kr 79	1,6 %	kr 4 982
Forsikring, garantikostnad	kr 3 110	kr 3 518	-kr 408	-11,6 %	kr 4 229
Andre driftskostnader	kr 635	kr 475	kr 160	33,6 %	kr 375
Tap o.l.	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 7 163 644	kr 7 596 401	-kr 432 758	-5,7 %	kr 6 772 409
DRIFTSRESULTAT	kr 263 535	-kr 1 144 401	kr 1 407 936	-123,0 %	-kr 173 658
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 11 126	kr 14 477	-kr 3 352	-23,2 %	kr 23 723
Finanskostnader	kr 6 915	kr 47 076	-kr 40 161	-85,3 %	kr 10 801
NETTO FINANSPOSTAR	kr 4 211	-kr 32 599	kr 36 809	-112,9 %	kr 12 922
RES F�R SKATT	kr 267 746	-kr 1 177 000	kr 1 444 745		-kr 160 736
Skattekostnad	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
RESULTAT ETTER SKATT	kr 267 746	-kr 1 177 000	kr 1 444 745		-kr 160 736

Bilvrak

Rekneskap 2015

	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
DRIFTSINNTEKTER					
Handsamingsinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Transportinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Salgsinntekter	kr 1 870 453	kr 2 164 215	-kr 293 762	-13,6 %	kr 3 824 459
Leigeinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Andre driftsinntekter	kr 340	kr 0	kr 340		kr 0
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 1 870 793	kr 2 164 215	-kr 293 422	-13,6 %	kr 3 824 459
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 4 000	kr 0	kr 4 000		kr 348 000
Handsaming av avfall	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Steinuttak	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Transport inn	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Personalkostnader	kr 1 024 141	kr 912 807	kr 111 334	12,2 %	kr 1 040 970
Avskrivningar	kr 457 358	kr 465 935	-kr 8 577	-1,8 %	kr 495 242
Transport ut	kr 0	kr 0	kr 0		kr 220 401
Energi til produksjon	kr 35 617	kr 60 576	-kr 24 959	-41,2 %	kr 65 200
Kostnad lokale	kr 64 271	kr 27 516	kr 36 755	133,6 %	kr 87 562
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 1 558	kr 724	kr 834	115,2 %	kr 2 724
Verkty, inventar og materiell	kr 44 970	kr 99 094	-kr 54 124	-54,6 %	kr 103 356
Deponiavgift	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Reparasjon og vedlikehald	kr 93 788	kr 119 787	-kr 25 999	-21,7 %	kr 126 844
Eksterne tenester	kr 4 022	kr 3 476	kr 546	15,7 %	kr 2 215
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 14 626	kr 14 410	kr 217	1,5 %	kr 12 246
Telefon, porto o.l.	kr 8 090	kr 5 684	kr 2 405	42,3 %	kr 4 079
Kostnad transportmidler	kr 1 137	kr 850	kr 287	33,7 %	kr 944
Reiser og diett	kr 7 165	kr 6 662	kr 504	7,6 %	kr 4 537
Sals og reklamekostnad	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Kontingent og g�ve	kr 10 597	kr 9 920	kr 676	6,8 %	kr 10 253
Forsikring, garantikostnad	kr 6 728	kr 7 241	-kr 513	-7,1 %	kr 8 705
Andre driftskostnader	kr 1 373	kr 978	kr 396	40,5 %	kr 772
Tap o.l.	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 1 779 441	kr 1 735 659	kr 43 782	2,5 %	kr 2 534 050
DRIFTSRESULTAT	kr 91 352	kr 428 556	-kr 337 204	-78,7 %	kr 1 290 409
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 24 067	kr 29 797	-kr 5 730	-19,2 %	kr 48 826
Finanskostnader	kr 29 592	kr 32 352	-kr 2 760	-8,5 %	kr 43 252
NETTO FINANSPOSTAR	-kr 5 525	-kr 2 555	-kr 2 970	116,2 %	kr 5 574
RES F�R SKATT	kr 85 827	kr 426 000	-kr 340 174		kr 1 295 983
Skattekostnad	kr 23 224	kr 0	kr 23 224		kr 349 915
RESULTAT ETTER SKATT	kr 62 603	kr 426 000	-kr 363 397		kr 946 067



STYREMØTE

Møtedato: 01.06.16

Sak nr: 12/16

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Årsmelding 2015

Årsmelding for 2015 ligg ved.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret legg NGIR si årsmelding for 2015 fram for representantskapet for godkjenning.

Vedtak i styret 02.05.16:

Styret legg NGIR si årsmelding for 2015 fram for representantskapet for godkjenning.



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 01.06.16

Sak nr: 13/16

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Honorar til revisor

Nordhordland Revisjonsdistrikt har utført revisjon av føreliggjande forvaltnings- og rekneskapsdokumentasjon for NGIR. Kostnaden for 2015 er sett til kr 44 000.

Budsjetterte kostnader for 2015 var kr 46 000.
Kostnaden for 2014 var kr 43 000.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene på kr 44 000.

Samrøystes tilrådd i styremøte 02.05.16



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 01.06.16

Sak nr: 14/16

Sakshandsamar: H. Lysø

Val av medlemmer og varamedlemmer i styret

Vedlegg: Retningslinjer for valnemnda
Oversyn over styremedlemmer og varamedlemmer sin "historikk" hjå NGIR
Oversyn over kva kommunar styremedlemmer, varamedlemmer, styreleiar og nestleiar i styret har vore frå i perioden 2006-d.d.

Sakutgreiing

Oppstillinga under syner samansetjinga av NGIR sitt styre, med varamedlemmer, i dag. I parentes er oppgjeve kva år dei ulike medlemmene står på val.

Styremedlemmer:

Helge Fjellanger, Lindås (2016)
Kristin Handeland, Fedje (2016)
Vigdís Søvik, Masfjorden (2016)
Ottar Skjelvik, Meland (2017)
Kari Utkilen, Austrheim (2017)

Varamedlemmer:

1. vara: Martin Soltveit, Radøy (2016)
2. vara: Anne-Mette Dahl Andreassen, Gulen (2016)
3. vara: Kjetil Eikefet, Modalen (2016)

I NGIR sine vedtekter, § 13, står følgjande om samansetjinga av styret:

Styret i selskapet skal ha 5 medlemmer, og i tillegg 3 varamedlemmer i prioritert rekkjefølgje. Første varamedlem møter fast i styret, som observatør med talerett.

Styremedlemmene og varamedlemmene vert valde av representantskapet. Representantskapet vel og leiar og nestleiar i styret. Funksjonstida til styremedlemmene er 2 år, medan varamedlemmer, leiar og nestleiar vert valde for 1 år. Attval kan finne stad.

Dagleg leiar eller medlem/varamedlem i representantskapet kan ikkje vera medlem eller varamedlem i styret.

Ved val av styremedlemmer og varamedlemmer skal det takast omsyn til:

- Personlege kvalifikasjonar for oppgåva
- Kontinuitet i styrearbeidet

- At likestillingsloven sine reglar om kjønnsfordeling i offentlege utval m.v. skal følgjast
- Geografisk fordeling i NGIR-regionen *

* Eitt styremedlem skal alltid vera frå vertskommunen Lindås.

På konstituerande møte 14.03.16 gjorde representantskapet følgjande vedtak om valnemnd:

Valnemnda i representantskapet får følgjande medlemmer for perioden 2015-2019:

Hardy Pedersen (Austrheim)

Nina Stabell Øvreås (Lindås)

Egil Kvingedal (Masfjorden)

Varamedlemmer vert:

Linne Lending (Solund) – 1. vara

Ingmar Stuberg (Fedje) – 2. vara

Valnemnda hadde sitt første møte 07.04.16, og valde då Nina Stabell Øvreås til leiar, og Hardy Pedersen til nestleiar.

Valnemnda si vurdering

Gjennom samtaler med leiing og styremedlemmer er det valnemnda si oppfatning at det er eit godt samarbeidsklima mellom styret og den daglige leiinga i bedrifta, noko som er særst viktig for eit velfungerande styre. Det er kanskje derfor 5 av 6 medlemmer/varamedlemmer har sagt ja til attval.

Styremedlem Vigdis Sjøvik, Masfjorden, har takka nei til attval. Valnemnda innstiller dermed sitjande 1. vara, Martin Soltveit, Radøy, som fast styremedlem.

Valnemnda har gjennom samtaler med varamedlemmer, og i søken på ny varamedlem, konkludert med at Kariann Ekren, Masfjorden, trår inn som 1. vara.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak

Styret i NGIR får følgjande samansetning etter årsmøtet 01.06.16:

Styremedlemmer:

Ottar Skjelvik, Meland (2017)

Kari Utkilen, Austrheim (2017)

Helge Fjellanger, Lindås (2018)

Kristin Handeland, Fedje (2018)

Martin Soltveit, Radøy (2018)

Varamedlemmer:

1. vara: Kariann Ekren, Masfjorden (2017)

2. vara: Anne-Mette Dahl Andreassen, Gulen (2017)

3. vara: Kjetil Eikefet, Modalen (2017)

Retningslinjer for valnemnda for representantskapet i Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR)

Sist revidert av representantskapet 29.10.12

1. Valnemnda skal ha 3 medlemmer og 2 varamedlemmer. Valnemnda vert valt av representantskapet, blant representantskapet sine medlemmer, på konstituerande møte.
2. Valnemnda skal gje innstilling til representantskapet om følgjande val (jf. vedtektene til NGIR, §§ 8, 9, 10, og 13):
 - Val av leiar og nestleiar i representantskapet
 - Val av valnemnd
 - Val av medlemmer og varamedlemmer i styret
 - Val av leiar og nestleiar i styret
 - Eventuelle andre valInnstilling frå valnemnda skal sendast ut saman med sakspapir minst 14 dagar før møte i representantskapet.
3. Til konstituerande møte for nytt representantskap førebur sitjande valnemnd dei val som er nemnt i dei to første strekpunkt i punkt 2. Ny valnemnd førebur val etter strekpunkt tre og fire i punkt 2 til representantskapet sitt årsmøte.
4. Medlemmer og varamedlemmer i valnemnda vert valde for 4 år, og har funksjonstid fram til nytt representantskap har konstituert seg og valt ny valnemnd. Valnemnda vel sjølv leiar og nestleiar.
5. Leiar og nestleiar i representantskapet vert og valde for 4 år, med same valperiode som representantskapet. Funksjonstida er fram til nytt representantskap har konstituert seg og valt ny leiar og nestleiar.
6. Valperioden til styremedlemmene er 2 år. For å unngå utskifting av heile styret samstundes, skal vekselvis 2 og 3 medlemmer, med varamedlemmer, stå på val kvart år. Leiar og nestleiar i styret vert valt for eitt år.
7. Styret skal ha det tal medlemmer og varamedlemmer, og den samansetjing, som står i vedtektene til NGIR, § 13.
8. Dagleg leiar kan ikkje vere medlem eller varamedlem i styret. Vert medlem av representantskapet valt inn i styret, kan vararepresentant rykkje inn i representantskapet, og kommunen velja nytt varamedlem.
9. Valnemnda har plikt til å spørja aktuelle kandidatar før dei vert innstilt til val eller attval.
10. Administrasjonen i NGIR er sekretær for valnemnda, og kallar saman valnemnda i god tid før representantskapet skal føreta dei aktuelle val.

Representantskapet kan gjera vedtak om endring av retningslinjer for valnemnda.

Sitjande styremedlemmer og varamedlemmer sin "historikk" hjå NGIR

Helge Fjellanger

Styremedlem frå 2012 – d.d.

Styreleiar frå 2012 – d.d.

Ottar Skjelvik

Styremedlem frå 2005 – d.d.

Nestleiar i styret frå 2012 – d.d.

Kari Utkilen

Varamedlem i styret frå 2008 (3. vara)

Styremedlem frå 2009 – d.d.

Kristin Handeland

Styremedlem frå 2012 – d.d.

Vigdis Sjøvik

Varamedlem i styret frå 2009 – 2014 (3. vara frå 2009, 1. vara frå 2012)

Styremedlem frå 2014 – d.d.

Martin Soltveit

Varamedlem i styret frå 2012 – d.d. (2. vara frå 2012, 1. vara frå 2014)

Anne-Mette Dahl Andreassen

Varamedlem i styret frå 2012 – d.d. (3. vara frå 2012, 2. vara frå 2014)

Kjetil Eikefet

Varamedlem i styret frå 2014 – d.d. (3. vara)

Tabellen under viser kva kommunar medlemmene og varamedlemmene i NGIR sitt styre har vore frå sidan 2006:

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Austrheim	-	-	3. vara	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.
Fedje	1. vara	1. vara	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.
Gulen	3. vara	3. vara	2. vara	2. vara	2. vara	2. vara	3. vara	3. vara	2. vara	2. vara
Lindås	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.
Masfj.	Styrem.	Styrem.	-	3. vara	3. vara	3. vara	1. vara	1. vara	Styrem.	Styrem.
Meland	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.
Modalen	2. vara	2. vara	1. vara	1. vara	1. vara	1. vara	Styrem.	Styrem.	3. vara	3. vara
Radøy	Styrem.	Styrem.	Styrem.	-	-	-	2. vara	2. vara	1. vara	1. vara
Solund	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	-	-	-	-

Tabellen under viser kva kommunar leiar/nestleiar i NGIR sitt styre har vore frå sidan 2006:

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Leiar	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås
Nestleiar	Radøy	Radøy	Radøy	Fedje	Fedje	Fedje	Meland	Meland	Meland	Meland



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 01.06.16

Sak nr: 15/16

Sakshandsamar: H. Lysø

Val av leiar og nestleiar i styret

Sakutgreiing

Syner til sak 14/16.

Styret hjå NGIR har i dag følgjande leiing:

Helge Fjellanger, Lindås, styreleiar

Ottar Skjelvik, Meland, nestleiar

Valnemnda si vurdering

Val av styreleiar

Valnemnda vil etter samtaler både med styreleiar, nestleiar i styret og dagleg leiar gjera innstilling om at sittande styreleiar Helge Fjellanger vert attvald som styreleiar for neste periode.

Grunngjevinga for innstillinga er at valnemnda etter samtaler med styreleiar er av den oppfatning at Helge har god kjennskap til bedrifta, kompetanse og leiarerfaring til å føra vidare dei strategiar som styret har starta på.

Val av nestleiar

Valnemnda vil etter samtaler både med styreleiar og nestleiar gjera innstilling om at sittande nestleiar Ottar Skjelvik vert attvald som nestleiar for neste periode.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Helge Fjellanger, Lindås, vert attvalt som leiar i NGIR sitt styre for eitt år.

Ottar Skjelvik, Meland, vert attvalt som nestleiar i NGIR sitt styre for eitt år.